

# **Normalvedtekter for fylkesledd av 4H Norge**

Vedtekne av landsstyret i 4H Norge 6. august 1990 med justeringar 14. - 15. desember 1994, 8. - 9. juni 1995, 22. juni 1998, 20. oktober 2000, 23. oktober 2006, 19. desember 2008, 23. november 2012, 29. april 2016 og 26. november 2016.

## **§1. Namn**

4H Sogn og Fjordane er namnet på organisasjonen 4H Norge sitt 4H-fylkesledd.

## **§2. Fylkesårsmøte**

4H-fylkesårsmøtet er 4H Norge sitt høgaste organ på fylkesplan. Fylkesårsmøtet har eit overordna ansvar i organisatoriske og økonomiske spørsmål for 4H-arbeidet i 4H-fylket.

### a) Samansetning

Fylkesårsmøtet er samansett av:

- To (2) representantar frå kvar klubb valde på årsmøta i klubbanne  
~~To (2) representantar oppnemnde av landbruksavdelinga hos Fylkesmannen~~
- To (2) representantar for 4H-alumnane i fylket, valde på årsmøtet i alumnklubben
- Ein (1) representant for dei frammøtte arrangementsmedlemmane i fylket. Denne representanten velgast av og blant dei frammøtte arrangementsmedlemmene under konstitueringa av fylkesårsmøtet.
- Ein (1) representant for dei frammøtte kløvermedlemmane. Denne velgast av og blant dei frammøtte kløvermedlemmane under konstitueringa av fylkesårsmøtet.
- Ein (1) representant for dei frammøtte 4H-gardane. Denne velgast av og blant dei frammøtte 4H-gardane under konstitueringa av fylkesårsmøtet.
- Ein (1) representant frå fylkesleddet til kvar av medlemsorganisasjonane i 4H Norge. Desse møter utan røysterett. I tillegg til dei organisasjonane som er tilslutta 4H Norge. sentralt, kan fylkesårsmøtet etter innvotering knyte til seg andre organisasjonar, grupper og institusjonar som er av særleg interesse for 4H-arbeidet i fylket.
- Medlemmene i fylkesstyret.

### b) Møte

Ordinært fylkesårsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars. Tid og stad vert fastsett av fylkesstyret i samråd med ordføraren i fylkesårsmøtet. Fylkesårsmøtet vert kalla saman og leia av ordføraren. Innkalling med sakliste skal sendast ut minst seks (6) veker før møtet. Saksdokument som planar, vedtektsendringar, **valkomiteen si innstilling** og ev. andre prinsipielle saker skal sendast ut saman med fylkesstyret si innstilling samtidig med innkallinga. Andre saksdokument skal sendast ut minst to (2) veker før møtet. Årsmøtet skal offentliggjerast for arrangementsmedlemmer ved at sakliste og saksdokumenter leggast ut på 4H Sogn og Fjordane sine (~~namn på fylket~~) heimesider etter same fristar som omtalt over.

Rett til å sende inn saker til fylkesårsmøtet har 4H-fylkesstyret, 4H-klubbane,

medlemsorganisasjonane og dei valde årsmøterepresentantane.

Fylkesårsmøtet kan gjere gyldige vedtak når minst halvparten av dei røysteføre årsmøterepresentantane er til stades. Dersom det ikkje er 50% av dei røysteføre årsmøterepresentantane til stades på møtet, må årsmøtevedtaka godkjennast av **landsstyret** **sentralstyret** for å vere gyldige.

Vedtak i fylkesårsmøtet vert gjort med absolutt fleirtal når ikkje anna er nemnt i vedtekten. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster.

Ordinært fylkesårsmøte skal handsame:

- Val av referent til å føre protokollen
- Val av to (2) representantar til å skrive under protokollen saman med ordføraren
- Forretningsorden for årsmøtet
- Årsmelding frå fylkesstyret
- Revidert rekneskap
- Prinsipielle spørsmål reist av landsstyret, **sentralstyret**, eller saker som klubbane eller fylkesstyret ønskjer å drøfte. Slike saker skal vere komne til fylkesstyret seinast tre (3) månader før årsmøtet.
- Arbeidsplan
- Budsjett
- Tilsetjing av revisor
- Val av:
  1. Ordførar og varaordførar for fylkesårsmøtet. Funksjonstid eitt (1) år.
  2. Medlemmer til fylkesstyret:

Leiar for fylkesstyret vert vald først med funksjonstid eitt (1) år

**Ein økonomiansvarleg Eit styremedlem med økonomi som ansvarsområde** vert vald med funksjonstid to (2) år

Tre (3) styremedlemmer vert valde med funksjonstid to (2) år, slik at ein (1) og to (2) er på val annakvart år.

3. Tre (3) varamedlemmer til fylkesstyret i rekjkjefølgje. Funksjonstid eitt (1) år.

4. Representant(ar) med vararepresentant(ar) til landsmøte for 4H Norge

5. Valkomité på tre (3) medlemmer med funksjonstid tre (3) år. Det vert vald ein (1) medlem kvart år.

6. Tre (3) varamedlemmer til valkomiteen med funksjonstid eitt (1) år.

Alle val skjer mellom 4H sine medlemmer.

Medlemmene i fylkesstyret har ikkje røysterett ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

Det skal vere skriftleg val på leiar og styremedlemmer. Ved personval utanom leiar og styremedlemmer, skal det vere skriftleg val dersom det er framlegg om meir enn ein kandidat. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster.

Ekstraordinært fylkesårsmøte vert halde når fylkesstyret eller minst 1/3 av årsmøterepresentantane krev det. Berre dei sakene som er nemnde i innkallinga, kan handsamast. Innkalling og tidsfristar er som for ordinært fylkesårsmøte.

Reise- og oppholdsutgifter for representantane til fylkesårsmøtet vert dekt av den dei representerer.

Det skal først protokoll frå fylkesårsmøtet.

### **§3. Fylkesstyret**

Fylkesstyret har fem (5) medlemmer: Leiар, nestleiar og tre (3) styremedlemmer.

Alumnklubben i fylket kan møte med ein representant som observatør utan røysterett.

Ordføraren i fylkesårsmøtet kan delta i fylkesstyremøta utan røysterett.

Fylkesstyret vel sjølv sin nestleiar. Funksjonstid eitt (1) år.

For gyldig vedtak i fylkesstyret vert det kravd at minst tre (3) medlemmer har røysta for framleggget.

Fylkesstyret skal m.a.:

- Vere styringsorgan for 4H-arbeidet i **4H**-fylket i samsvar med 4H Norge sine lover og vedtak gjort av landsmøte for 4H Norge, fylkesårsmøtet, **sentralstyret** og landsstyret
- Ha ansvar i organisatoriske og økonomiske saker for 4H i fylket
- Leggje hovudvekt på handsaming av prinsipielt viktige saker som gjeld utvikling av 4H-arbeidet og utnytting av organisasjonen sine ressursar i fylket
- Arbeide med langtidsplanar og -budsjett
- Forvalte fylkesorganisasjonen sine midlar
- Sørgje for at 4H-klubbane, 4H-gardane/4H-setrane, medlemmene og klubbrådgjevarane får best mogleg støtte og rådgjeving i 4H-arbeidet sitt
- Fremje innstilling i dei sakene som 4H-fylkesstyret får oversende til uttale frå landbruksavdelinga hos Fylkesmannen
- Saman med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen analysere kva for rådgjevingstiltak som er vesentlege for målgruppa ungdom i **4H**-fylket, og motivere 4H-klubar og 4H-medlemmer til å leggje opp aktivitetar, studiearbeid og prosjektval i samsvar med dette
- Leggje arbeidet til rette for, og styrke 4H-nemndene i kommunane
- Byggje ut og skaffe økonomi til organisasjonsrådgjevar i **4H**-fylket
- Gjere avtalar med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen, organisasjonar på fylkesplan og andre
- Halde konferansar og kurs for medlemmer, klubbrådgjevarar og tillitsvalde
- Vere ankeinstans for saker som er avgjort av klubbane
  
- Vedta reglar for reiseutjamning for klubbane sine representantar til fylkesårsmøta
- Arbeide med andre aktuelle oppgåver for 4H-arbeidet i fylket.

Fylkesstyret kan oppnemne utgreiingsutval for spesielle saker.

Leiaren i fylkesstyret og regionsleiar (eller nestleiar) blir tildelt prokura.

#### **§4. Vedtektsendring**

Fylkesårsmøtet vedtek sjølv vedtekene sine etter mønster av normalvedtekter for fylkesledd av 4H Norge. Vedtekene og eventuelle endringar av desse, skal godkjennast av **landsstyret sentralstyret** før dei er gyldige.

Framlegg til endringar av vedtekene for **4H arbeidet i fylket 4H-fylket**, kan leggjast fram av fylkesstyret eller minst fem (5) medlemmer av fylkesårsmøtet. Slikt framlegg må vere kome til fylkesstyret minst fire (4) månader før det fylkesårsmøtet som skal handsame saka. Framlegget skal sendast til representantane i fylkesårsmøtet saman med fylkesstyret si innstilling minst seks (6) veker før årsmøtet. Vedtektsendring krev at minst 2/3 av dei frammøtte årsmøterepresentantane røystar for.

#### **§5. Opplysing**

Fylkesårsmøtet kan ikkje vedta å opplyse 4H-arbeidet i fylket. Fylkesårsmøtet kan etter vedtak med 3/4 fleirtal av dei frammøtte årsmøterepresentantane i to (2) ordinære fylkesårsmøte på rad, oppmode **landsstyret sentralstyret** om mellombels å leggje ned verksemda i **4H-fylket**.

#### **§6. Iverksetjing**

Vedtekene er fastsette på fylkesårsmøte den **12. februar 2017** **14.februar 2020**, godkjende av **landsstyret sentralstyret** i 4H Norge den ..... (dato) og gjort gjeldande med verknad frå den ..... (dato).